





REGIONALE
FORSKINGSFOND

VESTLAND



ÅRS RAPPORT ORT

2020






Innhold

Om regionale forskingsfond	3
Nytt fond og ny styringsmodell	4
Mål og prioriteringar for 2020	6
Støttar viktig forskning for Vestland	7
Forskning som skapar innovasjon	10
Aktiv forskingsmobilisering	10
Formidling og synleggjering	13
Styret og sekretariatet.....	14
Økonomi	16
VEDLEGG 1: Oversikt over innvilga forprosjekt i 2020	17

Om regionale forskingsfond

Regionalt forskingsfond Vestland (RFF Vestland) er eit av elleve regionale forskingsfond i Noreg. Då ordninga med regionale forskingsfond vart innført i 2010, vart det etablert sju fond. I samband med den siste regionreforma vart fondsstrukturen endra, slik at inndelinga no følgjer dei nye fylkesgrensene.



Oversikt over nye fondsregionar frå 2020

Ordninga med regionale forskingsfond er finansiert av Kunnskapsdepartementet, og fonda samarbeider tett med Noregs forskingsråd.

Forskrifta¹ frå Kunnskapsdepartementet (2019) definerer desse måla for regionale forskingsfond:

- Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling
- Auke FoU-innsatsen i regionane ved å mobilisere bedrifter og offentlege verksemder til forskning, og gjennom støtte til FoU-prosjekt initierte av næringsliv, frivillig sektor, offentlege verksemder og forskingsmiljø
- Bidra til auka forskingskvalitet og til utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane
- Arbeide for tett samspel mellom regionale aktivitetar og nasjonale og internasjonale program og aktivitetar

Innanfor denne ramma gjev fylkestinga i dei ulike fondsregionane nærare føringar for verksemda i dei regionale forskingsfonda. Årlege prioriteringar blir synleggjorde gjennom handlingsplanar vedtekne av fondsstyra.

¹ For fullstendig forskrift, sjå: <https://www.regionaleforskningsfond.no/om-ordningen/>

Nytt fond og ny styringsmodell

I 2020 vart det etablert ein ny geografisk struktur for dei regionale forskingsfonda. Fondsregionane følgjer dei nye fylkesgrensene, slik at sju fond har blitt til elleve. RFF Vestlandet, som omfatta fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, vart med verknad frå 1.1.2020 delt i RFF Vestland og RFF Rogaland.

I desember 2019 vedtok Vestland fylkeskommune å opprette eit eige styre for RFF Vestland med politisk representasjon frå Vestland fylkesting og eksterne medlemar. Funksjonstida for styret skal vere fire år, slik at den fell saman med inneverande fylkestingsperiode. Styret skal ha sju medlemar, tre fylkespolitikarar og fire eksterne representantar.

Etter avtale mellom fylkeskommunane Vestland og Rogaland, fekk RFF Vestland vidareført ein portefølje på heile 50 aktive prosjekt. RFF Vestlandet hadde forskottert om lag 30 millionar kroner i tilsegn til prosjekt frå framtidige løyvingar frå Kunnskapsdepartementet. I samband med oppretting av RFF Rogaland og RFF Vestland vart ansvaret for den forskotterte summen delt etter same nøkkel som framtidige tilsegner frå Kunnskapsdepartementet. For RFF Vestland utgjorde dette 53 % av dei forskotterte midlane, noko som gjorde at fondet til liks med RFF Rogaland starta arbeidet i 2020 utan gjeld, men med få friske midlar.

For å sikre ein viss grad av ny aktivitet i 2020 vart det gitt politisk klarsignal til at fondet kunne vidareføre noko av den forskoteringa som hadde vore i RFF Vestlandet. Inntil 9 millionar kroner vart med det utgangspunktet sett av til utlysing av forprosjekt (regional kvalifiseringsstøtte).



Foto: Vestland fylkeskommune



Vidareutviklar teknologi frå olje- og gassnæringa til bruk i bygg og anlegg

Ukjende forhold rett under bakken er ei stor utfordring for bygg- og anleggsbransjen. Finn utbyggjarane fast fjell der dei har venta seg lausmassar – eller omvendt – kan det gi både forseinkingar og store kostnadsoverskridingar. Kvikkleireskredet på Gjerdrum romjula 2020 viste også at mangelfull kunnskap om grunnforholda i eit byggefelt kan ha katastrofale konsekvensar.


Med forskingsmidlar frå RFF Vestland utviklar bergensbedrifta Geocore ny og meir effektiv teknologi for grunnundersøkingar på land. Dei baserer seg på kjende metodar frå oljebransjen, der høgfrekvent seismikk er brukt til å kartleggje bergartane under havbotnen. Gjennom forskingsprosjektet har Geocore utvikla prototypar på seismiske verktøy i ein skala som er tilpassa byggeprosjekt på land. Samanlikna med georadar og manuell utstikking, som er dei mest brukte metodane i dag, vil seismiske verktøy både vere meir effektive og gi meir påliteleg informasjon.

Geocore satsar no vidare mot industriell utvikling av teknologien, slik at bygg- og anleggsbransjen kan få raskare avklaring av grunnforholda og oppleve mindre risiko for feilprosjektering.

Sjå: <https://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/aktuelt/nyheiter/2021/vidareutviklar-teknologi-fra-olje--og-gassnaringa-til-bruk-i-bygg-og-anlegg/>

Illustrasjon: Espen Oen Lie/Geocore

Foto: Tommy Gildseth/wikimedia commons. Lisens: Creative Commons Attribution-Share Alike 4.0 International.



Mål og prioriteringar for 2020

I 2020 har RFF Vestland arbeidd ut frå mål og prioriteringar vedtekne av Hovudutval for næring og innovasjon i Vestland fylkeskommune.

Hovudmål for arbeidet i 2020

RFF Vestland skal vere ein sentral drivar for innovasjon ved å mobilisere til og finansiere forskingsprosjekt av god kvalitet innanfor prioriterte satsingsområde:

- Berekraftig verdiskaping i næringsliv og offentleg sektor
- Gode klima- og miljøløysingar
- Evne til innovasjon og omstilling

Prioriterte forskningstema i 2020

RFF Vestland skal med utgangspunkt i sentrale utfordringar og prioriterte innsatsområde for Vestland mobilisere til og finansiere forskning innan desse temaa:

- Ny teknologi og prosessar som medverkar til klimaomstilling og grønt skifte
- Berekraftig matproduksjon, bioøkonomi og sirkulær økonomi
- Reiseliv som styrkar lokalsamfunna og gjev lågt klimaavtrykk
- Kommunal tenesteproduksjon og samfunnsutvikling
- Drivkrefter for utvikling og innovasjon i Vestland fylke

Brukarstyrt forskning

RFF Vestland skal arbeide for at forskning finansiert av fondet gir ny kunnskap med potensial for innovasjon i bedrifter og offentleg sektor. Fondet har sett brukarstyrt forskning i fokus. Som hovudregel skal bedrifter eller kommunale organisasjonar vere ansvarleg søkjar, men det kan opnast opp for at forskings- og utdanningsinstitusjonar står som søkjar.

RFF Vestland skal løpande vurdere om det er grunnlag for å opprette eigne programsatsingar knytt til særleg viktige regionale verdikjeder, utviklingsområde eller samfunnsoppdrag.

Rekruttering og mobilisering

RFF Vestland skal mobilisere næringsliv og offentleg sektor til å ta i bruk forskning som middel til innovasjon og utvikling. Fondet skal legge vekt på samordning av aktivitetar i fylket og mellom fylket og nasjonale og internasjonale forskingsprogram og aktivitetar, og koordinere sin eigen aktivitet med fylkeskommunen sine utviklingsmidlar og Innovasjon Noreg sine støtteordningar.

Støttar viktig forskning for Vestland

I 2020 ga RFF Vestland 8,6 millionar kroner i støtte til nye forskings- og utviklingsprosjekt i regionen. Midlane gjekk i sin heilskap til forprosjektmidlar til 19 forskingsprosjekt i startgropa. Ny fondsstruktur, krevjande omstrukturering og uavklart økonomi ved starten av året gjorde at ein handlingsplan for RFF Vestland ikkje var på plass før april 2020. Dermed var det ikkje mogleg å lyse ut midlar til fleirårige prosjekt (hovudprosjekt) for 2020. I staden vart det lyst ut hovudprosjekt for 2021 med søknadsfrist i desember 2020 og vedtak om støtte i februar 2021.

Forprosjekt: Frå idé til forskingsprosjekt

Forprosjektmidlar vert gitt til innleiande forskingsarbeid som gjer det mogleg å utvikle gode forskings- og utviklingsprosjekt (FoU) hos søkjarane. Målet er å vidareutvikle gode idear til gode prosjekt som kan kvalifisere til vidare støtte frå relevante ordningar.

Frå mai månad kunne søknader om støtte på inntil 500 000 kroner – med ein maksimal støttedel på 70 % – sendast inn fortløpande. Fram til september 2020 vart søknadene behandla av fondssekretariatet. Søknader som kom seinare, vart behandla i styremøte i desember.

Utlysingsstema for støtte til forprosjekt i 2020 var dei same som beskrivne under «Prioriterte forskningstema i 2020» i førre kapittel.

Samanlikna med det som var praksis i RFF Vestlandet, gjorde RFF Vestland i 2020 vesentlege endringar i utlysingsopplegget. Tidlegare kunne berre bedrifter og kommunar søke om støtte, men i tråd med dei nye politiske føringane opna RFF Vestland for at også forskingsorganisasjonar kunne søke om midlar til forprosjekt. For å sikre regional forankring, gjennomføring og relevans, vart det nedfelt som føresetnad at forskingsorganisasjonane har hovud- eller avdelingskontor i Vestland og at dei samarbeider formelt med minst ein kommune eller ei bedrift i fylket.

For å sikre eit godt rammeverk for fruktbart forskings- og utviklingsarbeid, utforma fondet i 2020 også nye krav til bedrifter og kommunar som søkte om forprosjektmidlar. Kommunale organisasjonar (derunder fylkeskommunar og interkommunale samarbeidsverksemdar) må samarbeide med ein godkjend forskingsorganisasjon og minst ein annan kommune.

Bedrifter må dokumentere forskingskompetanse i prosjektet, enten i eigen organisasjon, i samarbeidande bedrift eller gjennom innkjøp frå godkjend forskingsorganisasjon. Dersom søkjaren er ei stor bedrift, er det krav om aktiv deltaking frå minst ei SMB-bedrift.

Fondet fekk totalt 32 søknader om forprosjektmidlar i 2020. Fire av desse hadde formelle feil. Av dei 28 godkjende søknadene, fekk 19 innvilga støtte. Det svarer til 68 % tilsegn, som er vesentleg høgare enn tilfellet var for RFF Vestlandet dei to siste åra (38 % i 2019 og 51 % i 2018). Denne utviklinga er i tråd med målsettinga om at forprosjekt skal vere eit lågterskeltiltak der midlane opplevast som oppnåelege også for nye søkjargrupper. (For full oversikt over søkjarane som fekk forprosjektmidlar, sjå vedlegg 1.)

Av dei 19 søkjarane som fekk midlar, var 12 private bedrifter og forskingsorganisasjonar (institutt og universitet). Berre ein innvilga søknad kom frå kommunal sektor, noko som er langt færre enn tidlegare år. Dersom det viser seg at dette er uttrykk for ein trend og ikkje ein tilfeldigheit, er det naturleg for fondet å vurdere tiltak for å snu utviklinga.



Korleis påverkar koronapandemien cruiseturismen på Vestlandet?

Cruisehamner og klassiske cruisedestinasjonar i småbygder på Vestlandet hadde ein annleis sommar i 2020. Då verda gikk inn i lockdown med strenge reiserestriksjonar, kasta Vestlandsforskning seg rundt for å forske på effektane av ein sommar utan cruiseturistar. Dei søkte om forprosjektmidlar frå RFF Vestland, og fekk ein halv million kroner til prosjektet «Effektar av covid 19 på cruiseturisme til Vestlandet».

Forskarane ville mellom anna kartleggje dei økonomiske følgjene av bortfallet av cruiseturisme og kor mykje klimautsleppa vart reduserte. Dei ville også finne ut korleis innbyggjarar og norske turistar på typiske cruisedestinasjonar opplevde fråveret av cruiseturistar. Her inviterte forskarane folk i Ålesund, Geiranger, Hellesylt, Nordfjordeid, Olden, Flåm, Bergen, Eidfjord, Haugesund og Stavanger til å vere med på ei nettbasert undersøking.

Førebelse resultat frå forskinga viser at konsekvensane for cruiseturismen faktisk er enda meir omfattande enn mange hadde sett for seg. Det ser dessutan ut til at pandemien rammar cruisenæringa hardt også i 2021. Prosjektet har difor fått utvida prosjektperioden for å få med erfaringane frå 2021.

I prosjektet samarbeider Vestlandsforskning med fylkeskommunane i Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland, som i fellesskap utviklar ein handlingsplan for cruisetrafikken på Vestlandet. Det er eit sentralt mål med forskinga å foreslå tilpassingar som kan gjere cruisenæringa meir berekraftig framover i både økonomisk og miljømessig forstand.

Foto: Vestland fylkeskommune

Regionale offentlege prosjekt og bedriftsprosjekt

RFF Vestland lyste ut midlar til regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt hausten 2020 med søknadsfrist i desember (sjå også faktaboks). Etter grundig søknadsbehandling av fagpanel oppnemnte av Noregs forskingsråd, med påfølgande styrebehandling i RFF Vestland i februar 2021, fekk fem prosjekt totalt 12,5 millionar kroner i forskingsstøtte. Blant støttemottakarane var det både bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar. Tildelinga blir omtalt grundigare i neste årsrapport.



Klimakrise og samfunnstryggleik i fokus

Etter grundige diskusjonar i styret og konsultasjonar med relevante eksterne aktørar, valde RFF Vestland i 2020 å endre innretning på utlysingane av hovudprosjektmidlar samanlikna med tidlegare år.

I utlysingane hausten 2020 konsentrerte fondet seg om to tema: Klimaomstilling og grønt skifte; og Samfunnstryggleik og beredskap. Dette har også samanheng med at regionen av klimaomsyn har eit særleg behov for omstilling frå olje og gass til grønar næringar. Samtidig ser ein allereie at klimaendringane har regionale effektar i form av meir ekstremvêr og meir nedbør som skapar behov for nye beredskapstiltak og meir sektorovergripande tryggleikssamarbeid.

Nytt av året var det også at temaa for utlysingane var felles for alle dei tre søkjargruppene bedrifter, kommunar og forskingsorganisasjonar. Dette var eit grep for å sikre at ei tematisk meir spissa utlysing skulle vere relevant for flest mogleg gode søkjarar.

Fondet fekk mange gode søknader innan fristen i desember 2020. Våren 2021 var det løyvd 12,5 millionar kroner til fem forskingsprosjekt som kan gi gode bidrag til grønt omstilling og til å finne løysingar på sentrale klimautfordringar i regionen.

Sjå: <https://www.regionaleforskningsfond.no/vestland/aktuelt/nyheiter/2021/millionar-til-forsking/>

Foto: Jenny Følling/Vestland fylkeskommune

Forsking som skapar innovasjon

I porteføljen av hovudprosjekt som RFF Vestland overtok etter omlegginga av fondsstrukturen, vart sju prosjekt fullførte i 2020. I seks av desse prosjekta vart hovudmålet med forskinga var nådd, i det sjuande berre delvis.

I 2020 meldte ein større del av prosjekta at dei ikkje kunne gjennomføre etter avtalt tidsplan på grunn av koronapandemien. Det skuldast alt frå nedstengde laboratoriefasilitetar, forseinka import av forskingsutstyr og feltarbeid og intervjurundar som vart utsette. For dei 13 hovudprosjekta i porteføljen som framleis er aktive i 2021, gjeld likevel avtalte mål og delmål. Med tanke på kor ofte forskings- og utviklingsprosjekt støyter på uføresette hindringar eller funn som gjer det nødvendig å justere kursen, er dette svært gledeleg og tyder på at planlegginga av forskinga har vore god.

Av dei 20 hovudprosjekta som altså var aktive i 2020, rapporterte mange at forskinga fondet hadde finansiert, hadde bidrege til blant anna nye og betre produkt og tenester, forbetra prosessar og ny verksemd og verdiskaping.

Innmeldte resultat frå 20 aktive hovudprosjekt i 2020* (tal for heile prosjektperioden)

Ferdigstilte nye/forbetra produkt	11
Ferdigstilte nye/forbetra prosessar	35
Ferdigstilte nye/forbetra tenester	12
Patentsøknader som følgje av prosjektet	1
Verksemd i prosjektet har innført nye/forbetra metodar/teknologi	8
Verksemd utanfor prosjektet som har innført nye/forbetra metodar/teknologi	1
Verksemd i prosjektet som har innført nye/forbetra arbeidsprosessar/forretningsmodellar	4

* Kjelde: Rapportering frå 20 aktive regionale offentlege prosjekt eller bedriftsprosjekt i 2020. Indikatorane er bestemte av Kunnskapsdepartementet og er dei same som Forskringsrådet nyttar for innovasjonsprosjekt i næringsliv og offentlig sektor.


Aktiv forskingsmobilisering

RFF Vestland arbeider aktivt for å mobilisere nye bedrifter og kommunar i regionen til å ta i bruk forsking som verktøy for innovasjon, utvikling og verdiskaping. Fondet har også som målsetting å få fleire forskingsorganisasjonar til å involvere seg aktivt i forsking som har ein tydeleg relasjon til særlege utfordringar og moglegheiter i Vestland.

Fondet ønskjer å vere ein katalysator for forskingsdriven innovasjon i kommunal sektor, der ein særleg i mindre kommunar har hatt liten tradisjon for bruk av forsking i utviklingsarbeidet. Sjølv om talet på søknader frå kommunal sektor har vist fin utvikling over tid, er et framleis behov for målretta mobiliseringsverksemd frå RFF Vestland retta mot sektoren.

Fondet har samarbeidd tett med to fylkeskommunale mobiliseringsprosjekt retta mot bedrifter – FORREGION²-prosjekt som vart vidareførte i 2020. Hordaland har hatt «Mobiforsk» med Høgskulen på Vestlandet som samarbeidspartnar. Sogn og Fjordane har hatt VRI4 med

² FORREGION er Forskringsrådet si bedriftsretta mobiliseringssatsing i dei tidlegare fylka (VRI Rogaland, VRI Sogn og Fjordane og MobiFORSK Hordaland). Eit sentralt virkemiddel er kompetansemekling – hjelp til bedrifter i å avklare problem/løysingar som treng forsking og kopling til relevant forskingsinstitusjon. Sjå også: <https://www.vestlandfylke.no/forsking/kom-i-gang-med-forsking-i-bedrift---forregion>



samarbeidspartnarane Vestlandsforskning, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane og Segel AS. Både MobiFORSK og VRI4 har vore viktig for å rekruttere nye bedrifter til å søke om midlar frå RFF Vestland.

Fondet sine viktigaste tiltak for å tiltrekke seg flest mogleg og best mogleg søknader, har vore informasjonsmøte og kurs i søknadsskriving (prosjektverkstader). I 2020 vart denne verksemda naturleg nok råka av koronapandemien og strenge møte- og reiserestriksjonar. RFF Vestland sette derfor mykje inn på å etablere digitale prosjektverkstader. Dette vart gjort i samarbeid med dei regionansvarlege i Noregs forskingsråd og FORREGION-prosjekta i Vestland. Eit «fysisk» kurs på 4-5 timar vart omarbeidd til eit digitalt kurs på 1 ½ time med individuell oppfølging etter avtale i etterkant.

RFF Vestland arrangerte to digitale prosjektverkstader i 2020, med til saman 75 deltakarar frå næringsliv, kommunal sektor og forskingssektor. Det var krevjande å gjennomføre denne omlegginga på så kort tid som fondet hadde til rådvelde, men tilbakemeldingane frå deltakarane tyder på at tiltaket var vellukka.

Frå 2021 vart det etablert eitt FORREGION-prosjekt i Vestland, noko som vil lette koordineringa framover.

Springbrett til vidare forskning

Det er ein sentral ambisjon for RFF Vestland at forskning fondet støttar, blir eit springbrett til andre ordningar og ein spore til å halde fram med forskingsdriven innovasjon.

Også i 2020 har RFF Vestland gjennom ulike informasjonsaktivitetar lagt vekt på å mobilisere til bruk av Skattefunn, som gir skattefritak for forskings- og utviklingsprosjekt i bedrifter. Fondet har også informert breitt om Forskingsrådet sine støtteordningar og om moglegheitene som ligg i EU sine rammeprogram. EU-programma Horisont 2020 og arvtakaren Horisont Europa er verdas største forskings- og innovasjonsprogram.

Frå 2020 har sekretariatsleiaren for RFF Vestland vore styremedlem i Horisont Vest, eit nettverksprosjekt støtta av Noregs forskingsråd. Horisont Vest tar mål av seg til å mobilisere særleg bedrifter i næringsklynger i Vestland og Rogaland til å søke midlar frå EU-programmet Horisont Europa. Som forskingskoordinator i Vestland fylkeskommune har sekretariatsleiaren også tatt aktivt del i det regionale samarbeidet i Vestland for mobilisering til Horisont 2020/Horisont Europa.

Nytt målesystem for kvalitet på eldreomsorg

Tidlegare trudde ein at eldrebølgja ville føre til eit massivt behov for nye sjukeheimsplassar. No tyder mykje tyder på at dei fleste eldre helst vil bu heime, også om dei skulle bli sjuke og pleietrengande. Det føreset rett nok at kommunane legg til rette for aktivitet, tryggleik og trivsel i kvardagen, og at det er nødvendig helsehjelp tilgjengeleg ved behov.

Øygarden kommune har innført ein ny samhandlingsmodell – «Sjef i eige liv» – for omsorgstenester til eldre heimebuande. Der er bedrifter og frivillige trekt inn i heilskapleg planlegging og gjennomføring av helse- og trivselstiltak for eldre. Samspel med mellom andre lokale treningssenter, kulturkrefter og kjøpesenter har resultert i kultur- og trimtilbod kvar veke, som til dømes litterær lunsj på biblioteket, handlehjelp, balansetrening og boksing. Eldre med demensdiagnose får eit eige trimtilbod på eit privat treningssenter, der kommunen står for transport og frivillige bidreg som instruktørar.






Når kommunar går inn i denne typen samarbeid, har dei behov for å måle kvaliteten på tenestene. Kor tilfredse er brukarane? Enn dei som leverer tenestene? Bidreg aktivitetane til tryggleik og trivsel? Er dei tilgjengelege for alle? Finst det ressursar og kompetanse nok til at tilboda kan halde fram? Med støtte frå RFF Vestland har Øygarden kommune og forskarar frå SINTEF utvikla heilt nye måleverktøy for eldreomsorg. Dei har mellom anna tatt i bruk enkle spørreskjema som del av ein systematisk metodikk for utvikling og evaluering av helsetenester og aktivitetstilbod for eldre. Så langt har det vore forska lite på kva som skal til for å skape eit godt samspel mellom offentlege, private og frivillige krefter i eldreomsorga. Denne forskinga gir viktige bidrag til meir kunnskapsbasert utvikling av gode omsorgstenester til eldre som helst vil bu heime så lenge som mogleg.

Sjå: <https://forskning.no/aldring-de-regionale-forskningsfondene-helsetjenester/omsorg-under-eldrebolga-skal-malast-med-nytt-system/1785712>

Foto: SINTEF/Øygarden kommune

HVA SYNES DU OM AKTIV+?

Nedenfor har vi satt opp noen påstander spørsmål om hva du synes om tilbudene som gis i regi av Aktiv+. Sett kryss i den ruten du mener stemmer best med din oppfatning. Dersom du ikke vet hva du skal svare, kan du svare «Vet ikke»

						Vet ikke
1. Jeg er fornøyd med de aktivitetene jeg deltar i						
A. Balansegruppen						
B. Turgruppen						
C. Fart i bevegelse						
D. Foredrag						
E. Kafetilbud Sotra Arena						
F. Evt. andre tilbud						



Formidling og synleggjering

RFF Vestland legg stor vekt på at forskingsresultat skal formidlast både til relevante fagmiljø og til offentlegheita gjennom allmennretta tiltak. Dette kan bidra til positive ringverknader av forskinga, samtidig som det er viktig med openheit om sentrale funn frå forskning som er finansiert med offentlege midlar. I bedriftsprosjekt kan det av konkurranseomsyn vere grunnar til å halde tilbake sensitiv informasjon, men elles er det krav om aktiv spreining av forskingsresultat, enten i regi av prosjekta sjølve eller med bistand frå RFF Vestland.

Vitskapelege artikkelar og anna fagpublisering frå forskning støtta av det tidlegare RFF Vestlandet, viste god utvikling over tid, sjølv om tala varierte ein del frå år til år. Variasjonane har samanheng med at det tar tid å få artikkelar godkjende for publisering i seriøse tidsskrift, samtidig som omfanget av publisering avheng av kor mange prosjekt som til ei kvar tid er i sluttfasen. Forskingsfunn må vere godt analyserte og verifiserte før det blir aktuelt med vitskapeleg publisering.

Dei 20 hovudprosjekta som var aktive i 2020, rapporterte blant anna om 45 vitskapelege eller andre faglege publikasjonar. Dette kan til dømes vere artikkelar i fagfelleverderte vitskapelege tidsskrift og kapittel i sakprosa-bøker.

Formidling frå 20 aktive hovudprosjekt i 2020* (tal for heile prosjektperioden)

Rapportar, notat, artikkelar, føredrag, møte og konferansar retta mot målgruppene for prosjektet	325
Andre rapportar, føredrag og presentasjonar frå faglege møte	79
Oppslag i massemedia (aviser, radio, TV, nettaviser etc.)	147
Vitskapelege og andre faglege publikasjonar	45
Publiserte føredrag frå nasjonale møte eller konferansar	19
Publiserte føredrag frå internasjonale møte eller konferansar	7
Ferdige doktorgradar knytte til prosjektet	2

* Kjelde: Rapportering frå 20 aktive regionale offentlege prosjekt eller bedriftsprosjekt i 2020. Indikatorane er bestemte av Kunnskapsdepartementet og er dei same som Forskningsrådet nyttar for innovasjonsprosjekt i næringsliv og offentleg sektor.

I samarbeid med prosjekta publiserte RFF Vestland fire populærvitskapelege artikkelar på forskning.no i 2020, det same som RFF Vestlandet gjorde i 2019. forskning.no er den leiande norske nettstaden for allmennretta forskingsformidling og den største i Norden målt i besøkstal.

Gjennom aktiv kommunikasjonsverksemd i samband med tildeling av midlar og offentleggjering av forskingsresultat, har fondet også fått mange gode medieoppslag. I sum har RFF Vestland lukkast godt med å skape merksemd både om aktivitetane sine og om resultat frå forskning fondet har støtta.

Styret og sekretariatet

Styret for RFF Vestland vart vedteke av fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune 30. januar 2020. Medlemane er oppnemnte for fireårsperioden 2020-2023.

Styret for RFF Vestland var slik samansett i 2020:

Styremedlemar

Jon Askeland, fylkesordførar (styreleiar)
Tor Andre Ljosland, fylkestinget (nestleiar)
Jana Midelfart Hoff, fylkestinget
Anne Lise Fimreite, Universitetet i Bergen
Ole Gunnar Søgner, Høgskulen på Vestlandet
Kristine Kopperud Timberlid, Innovasjon Noreg
Stein Harald Hjeltnes, Njøs frukt- og bærseier

Varamedlemar

Natalia Golis, fylkesvaraordførar
Terje Sletten Hansen, fylkestinget
Rasmus Laupsa Rasmussen, fylkestinget
Frode Kyrkjebø, KS
Erik Kyrkjebø, Høgskulen på Vestlandet
Inger Margrete Graves, Xylem AS
Kjartan Sandnes, Biomega Group AS

Observatør oppnemnd av Noregs forskingsråd : Rigmor Fardal

Vestland fylkeskommune står ansvarleg for drifta av RFF Vestland og for rapportering til Kunnskapsdepartementet om verksemda. Fylkeskommunen har tilsett følgjande i sekretariatet for fondet: Jone Engelsen (sekretariatsleiar i 75 % stilling, 50 % er dekt av fondet), Randi Lotsberg (seniorrådgivar i 75 % stilling, 50 % dekt av fondet) og Rajwinder Kaur Daphu (rådgivar/prosjektøkonom i 100 % stilling dekt av fondet).



Foto: Vestland fylkeskommune

Slik lukkast næringslivet med grøn omstilling

Finst det ei god oppskrift for omstilling av eit vestnorsk næringsliv som lenge har vore avhengig av olje og gass? Kva er sentrale drivarar og hinder for ei slik omstilling? I kva bransjar kan ein bygge vidare på kompetanse som allereie finst i regionen? Dette var sentrale spørsmål i forskingsprosjektet «Drivers of regional economic restructuring», som vart gjennomført med fem millionar i støtte frå RFF Vestland.

Forskinga viste mellom anna at bedrifter som lukkast med grøn omstilling – omlegging til meir miljøvennleg produksjon eller berekraftige produkt – hadde fleire felles kjenneteikn. Dei var prega av open bedriftskultur, internasjonalt samarbeid og vilje til å hente inspirasjon frå andre bransjar. Eit anna særst tydeleg funn var at det er gunstig for små og mellomstore bedrifter å gå inn i nye bransjar.

Næringslivet i landsdelen vart kartlagt for å finne naturlege satsingsområde som er nært beslekta med allereie eksisterande næringar. Til dømes kan sensorteknologi frå olje- og gassnæringa ha stor overføringsverdi til miljøovervaking i havbruksnæringa. Dei som lagar konvensjonelle framdriftssystem for båtar, kan vri verksemda over til framdrift basert på grøn energi.

Forskarane fann store skilnader mellom Rogaland og Vestland. I Rogaland er dei aller fleste bransjane nært koplta til olje, gass eller leverandørnæringa i oljeindustrien. Det gjer det meir utfordrande å utvikle nye næringar som er beslekta med dei som dominerer i dag. Næringslivet i Vestland er meir mangfaldig, med fleire mindre næringar i sjøfart, fiske og havbruk.

Forskarane i prosjektet kom med klare anbefalingar til politikarane om å eksperimentere meir med verkemidla for regional vekst. Behovet for å supplere tradisjonelle, bransjeretta verkemiddel med ordningar som legg meir til rette for innovasjon på tvers av næringar, vart særleg framheva.

Forskinga var eit samarbeid mellom Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling ved Høgskulen på Vestlandet, Senter for innovasjonsforskning ved Universitetet i Stavanger, NORCE, Universiteit Utrechct (Nederland), Queensland University of Technology (Australia), London School of Economics og University of Manchester.

Sjå: <https://forskning.no/alternativ-energi-de-regionale-forskningsfondene-innovasjon/slik-kan-naeringslivet-lukkast-med-gron-omstilling/1773424>

Foto: Vestland fylkeskommune



Økonomi

Tildelinga frå Kunnskapsdepartementet til RFF Vestland var i 2020 på 21 267 000 kroner. Av dette var 2 912 000 kroner ei ekstraløyving i juli 2020 knytt til økonomiske behov utløyst av koronapandemien.

Resultatrekneskap 2020

Inntekter

Løyving frå Kunnskapsdepartementet	21 267 000
Renteinntekter	562 653
Sum inntekter	21 829 653

Utgifter

Utgifter administrasjon og drift	1 881 006
Utgifter til styre	40 963
Utbetalt til pågåande forskingsprosjekt ³	17 977 008
Sum utgifter	19 898 977

Balanserekneskap 2020

Sum egedelar per 01.01	30 254 404
Inntekter; løyving + renter	21 829 653
Kostnader; støtte til prosjekt og administrasjon/styre	19 898 977
Sum egedelar per 31.12	32 185 080



Foto: Vestland fylkeskommune

³ Utbetalt til fleirårige prosjekt og forprosjekt etter godkjend års- eller sluttrapportering. Prosjekta har fått vedtak om støtte i 2020 eller tidlegare år.

VEDLEGG 1: Oversikt over innvilga forprosjekt i 2020

Søk.nr	Prosjekttittel	Prosjektansvarleg	Støttebeløp i 1000 kr
313632	Ny fremgangsmåte for nøyaktig reservoarkategorisering	SMARTFEATURES AS	420
317053	Effekter fra Covid-19 på cruiseturisme til Vestlandet	STIFTINGA VESTLANDSFORSKING	500
317175	Energi av slam fra sjøbasert oppdrett	PROTOTECH AS	500
317464	Biodegradering av mikroplast i biogassanlegg	NORCE TEKNOLOGI/ENERGI VESTLAND	500
317465	Cybersikkerhetsovervåking av industrielle prosesser: Deteksjon og håndtering av cyberangrep i produksjonssystemer	NORCE NORWEGIAN RESEARCH CENTRE AS	497
317641	Ny dyrkingsmetode for kamskjell	ALGETUN AS	500
317657	Forprosjekt Barn i risiko og oral helse, arbeidspakke 2 (AP2)	TANNHELSETENESTE KOMPETANSESENTER VESTLAND	500
317935	SEAWEED SYMBIOSIS – bedret velferd og overlevelse for rognkjeks ved bruk av naturlig tareskjul	ENGESUND FISKEOPPDRETT AS	500
318159	Production of carbon nanofibers from captured CO ₂ : Modelling and pilot plant testing	BERGEN CARBON SOLUTIONS AS	490
321229	Taktisk operasjonell kommunikasjonstrening (TOKT): Analyse av sanntids kommunikasjon for utvikling av nye prosedyrer for trening av nødetater	UIB, SENTER FOR KRISEPSYKOLOGI	500
321233	Forskning på fiskehelse	PHE HOLDING AS	500
321299	DNA-karakterisering og sikring av den vestnorske kveik-gjæren til innovasjonsformål og UNESCO-verdsarv-dokumentasjon	NIBIO BERGEN	280

321835	Frå aske til biokol – moglegheitsstudie for etablering av sirkulær verdikjede for bioavfall i Sogn	SIMAS IKS	500
321836	PRE-DECOR – Decommissioning Regulation and Contractual Implications part of Center for Recommissioning and Decommissioning Vestland	SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVSFORSKNING AS	320
321848	Berekraftig utnytting av proteinpulver frå tørrfiskproduksjon – frå restråstoff til verdifullt produkt	PER STAVE AS	500
321850	Kartlegging av skade og utprøving av tiltak mot raud og svart rotrøte i bringebær	NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING VEST SA	310
321852	Innledende simulering av krefter på og av FoilPower	OKL MARIN AS	500
321856	Produksjon av karbonnegative møbler	HUUG HOME AS	500
321914	Prosessering av matavfall	GREENTECH INNOVATORS AS	320
SUM			8 637



REGIONALE
FORSKINGSFOND

VESTLAND

www.regionaleforskningsfond.no/vestland